

**Fra:** [Johann Roppen](#)  
**Til:** [ALLE-Campus](#)  
**Emne:** NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 14/2020, 3. APRIL  
**Dato:** fredag 3. april 2020 14:28:28

---

## **NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 14/2020, 3. APRIL**

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no).

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

### **VERDSPREMIERE:**

#### **"OPNE KORT": REKRUTTERINGSFILM FOR HØGSKULEN I VOLDA**

Søknadsfrist i Samordna opptak er 15. april, og Høgskulen i Volda [lanserte fredag 3. april rekrutteringsfilmen "Opne kort"](#), som tek utgangspunkt i ein kortstokk med 52 gode grunnar til å velje Høgskulen i Volda for framtidige studentar. Filmen er laga av det lokale firmaet Oclin, og vi håper tilsette og studentar synest det er kjekt å spreie filmen vidare! Her er lenka til filmen: <https://www.youtube.com/watch?v=4z8PhrsC-oM>

### **NYTT OM KORONA:**

#### **KORONA-TILTAKA HELD FRAM TIL OG MED 13. APRIL - MEN NY BESKJED 8.4.**

Regjeringa har gjort det klart at tiltaka mot korona er forlenga fram til og med måndag 13. april. Regjeringa har varsla at dei vil gi beskjed om dei nasjonale tiltaka vert endra onsdag 8. april, altså dagen før skjærtorsdag. Kriseleiinga ved HVO har møte på kvelden 8. april og vil etterpå informere om konsekvensar for HVO. Men tiltaka som vart innført 12. mars held altså fram til over påske, til og med 13. april.

#### **ARBEIDSLIVET ØNSKER SEG KURS OG ETTERUTDANNING**

LO, NHO og regjeringa utfordrar og inviterer høgskular og universitet til å kome opp med kurs, etter- og vidareutdanning for dei mange som no har vorte permitterte på grunn av korona. Høgskuleleiinga meiner det er viktig at høgskulen finn måtar å bidra på, men vurderer det også slik at det er svært vanskeleg å gå i gang med studiepoenggjevande kurs no i vår då vi har svært mykje arbeid med å ta vare på studentane vi alt har. Dermed er det helst kortare etterutdanningstilbod som kan vere aktuelt for høgskulen å gå i gang med. Høgskulen i Volda har fått spørsmål frå UHR (Universitets- og høgskulerådet) om kva vi eventuelt kan bidra med, og det er prorektor [Odd Helge Tonheim](#) som vil svare på vegne av høgskulen. Først etter påske blir det klart kva slags finansiering det blir av ulike typer kurs. [Les meir om dette blant anna i nettavisa Khrono.](#)

#### **BIBLIOTEKET ER OPE - PÅ NETT**

Høgskulebiblioteket sine elektroniske samlingar er alltid tilgjengelege, og bibliotekarane er tilgjengelege på e-post og Facebook. Men papirbøker og -tidsskrift er ikkje tilgjengelege. Meir informasjon om biblioteket sine tenester finn du på dei [vanlege nettsidene til biblioteket - som er godt koronaoppdaterte.](#)

#### **HEIMEKONTOR: RÅD OG VINK PÅ "SIKRESIDEN"**

På nettsida "Sikresiden" er det mykje nyttig informasjon om helse og beredskap. I desse koronadagar er der blant anna informasjon om kva ein bør gjere for å [unngå koronavirus](#), og til dømes [datavirus på heimekontoret.](#)

## **ZOOM-TRYGGLEIK: UNINETT - OG DU - HAR KONTROLL**

I mange medieoppslag har det vorte reist tvil om kor trygt det er å bruke Zoom til videomøte. IT-sjef Stig Flåskjer har sendt e-post til alle tilsette med med lenke til informasjon om [Zoom på Uninetts nettsider](#). Hovudpoenget er at "vår" Zoom-server er innanfor UH-systemet og difor er tryggare enn til dømes gratisversjonar av Zoom. Vidare er det viktig at alle som skal nytte Zoom vel innstillingar i tråd med sin bruk. På nettsidene til Universitetet i Oslo kan ein lese meir om innstillingar av [Zoom](#). IT-kontoret har også arrangert fleire Zoom-kurs den siste veka og vil gje fleire kurs etter påsk.

## **ENGLISH STUDENTS: TIPS TO CONQUER QUARANTINE**

Many of our international students are still in Volda, and two of them have collected and shared tips regarding [how to cope with or conquer quarantine](#). Useful advice also for Norwegians!

## **OMBYGGINGA AV STRØM-AUDITORIET STARTAR ETTER PÅSKE**

Ombygging av Strøm-auditoriet til "Veksel-Strøm" vart utsett då koronakrisa kom, men no er det bestemt at arbeidet startar over påske. Entreprenør er Skaarbygg. Dei har naturlegvis same krav til sosial avstand og smittevern som alle andre og områda der arbeidet foregår vert stengt av for andre. Nokre få andre og kortvarige vedlikehalds- og oppgraderingsoppdrag har også fått særskilt løyve til å bli gjennomført.

## **EKSAMEN (1): 200 AV 400 EKSAMENAR HAR VORTE ENDRA PÅ GRUNN AV KORONA**

Ca 200 av dei 400 eksamenane på høgskulen våren 2020 har no vorte endra frå skuleeksamen til digital eksamen, eller meir presist: Frå eksamensform som krev oppmøte på høgskulen til alternative eksamensformer som ikkje krev oppmøte i Volda. Les også [intervju med prorektor Odd Helge Tonheim om dette](#).

## **EKSAMEN (2): FAGMILJØA MÅ INFORMERE STUDENTANE I CANVAS**

Fagmiljøa må gi informasjon til studentane om endringane i eksamensformer i Canvas. Studieadministrasjonen oppdaterer informasjon om eksamen i Emweb ("[Studieplanar](#)" på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)) og i [Studentweb](#).

## **EKSAMEN (3): EKSAMENSKOMMISJONAR: FRISTEN FORLENGA TIL 8. APRIL**

Fristen for å melde inn sensorar for eksamenar i mai og juni er utvida til 8. april. Sensor skal meldast inn til den som koordinerer på kvar avdeling.

## **EKSAMEN (4): HUSK FRISTEN FOR EKSAMENSOPPGÅVER**

Siste frist for å legge eksamensoppgåver inn i systemet Inspira er ei veke før eksamen. Det er veldig fornuftig å vere tidleg ute sidan det blir stort press både på system og på personar

## **SEANSE-SEMINAR FLYTTAR PÅ NETT: WEBINAR OM KUNSTNARØKONOMI OG SJØLVMELDING**

Seanse arrangerer i samarbeid med Norsk Forfattersentrum Midt-Norge webinar: «Kunstnarøkonomi og sjølvmelding». Det skjer 17.april kl. 12:00 til 14.00. Meir om webinarer finn du her på [Facebook](#) og på Seanse si [heimeside](#).

## **IKKJE BERRE OM KORONA: TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?**

Studentar som treng nokon å snakke med må ikkje nøle med å ta kontakt med Høgskulen. [Vi har fleire ressurspersonar](#) som sit klare til å snakke med studentar som har behov for å prate og få gode råd i denne spesielle tida. Sjå også filmar [her](#) og [her \(studentpresten\)](#).

## **MELDING FRÅ VERNEOMBODA**

Melding frå hovudverneombod Roy Inge Nupen til alle tilsette: "Det er krevjande tider, og dermed er det særleg viktig at vi tek vare på kvarandre. Hugs at det er mogleg å ta kontakt med verneombodet ved di avdeling – også når vi har heimekontor."

Verneomboda er: Kjetil Høydal (AKF), Hjalmar Eiksund (AHL), Margrete Homlong (ASH), Steinar Høydal (AMF) og Johann Folkestad (F.adm og biblioteket).

\*\*\*

## **KORONA-FRI TEIG:**

### **BJARTE FOLKESTAD HAR FÅTT PROFESSORKOMPETANSE**

[Førsteamanuensis Bjarthe Folkestad](#), ASH, har vorte tilkjent professorkompetanse i samfunnsplanlegging og fått personleg opprykk. Dette vart stadfesta på møte i TUFO (Tilsettingsutval for fagleg tilsette) 2. april.

### **ØYSTEIN SALHUS HAR VORTE FØRSTELEKTOR**

Høgskulelektor Øystein Salhus, AKF, har vorte tilkjent kompetanse som førstelektor i musikk og fått personleg opprykk. Dette vart stadfesta på møte i TUFO (Tilsettingsutval for fagleg tilsette) 2. april.

### **UTDANNINGSUTVALET (1): TILRÅR UTVIKLING AV NY PH.D.**

[Utdanningsutvalet tilrår](#) at Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning får gå i gang med å greie ut om det skal utviklast ei ny ph.d.-utdanning ved Høgskulen i Volda. Av saksutgreiinga går det fram at ei framtidig ph.d. må kunne gjere høgskulen sjølvakkrediterande på grunnskuleærarutdanning. Saka vil bli lagt fram for høgskulestyret.

### **UTDANNINGSUTVALET (2): BACHELOR-UTDANNINGANE I JOURNALISTIKK BLIR SAMLA**

[Utdanningsutvalet har slutta seg til](#) at Avdeling for mediefag får halde fram arbeidet med å legge om frå to bachelorutdanningar i journalistikk til ein felles bachelorgrad. Dei siste åra har AMF hatt ein bachelorgrad i journalistikk for kringkasting og ein for avis/nett.

### **KD VIL HA INNSPEL TIL STYRING AV SEKTOREN**

Kunnskapsdepartementet (KD) har invitert alle UH-institusjonar til å kome med innspel til ei ny [stortingsmelding om styring av sektoren](#). I samband med det ønsker KD å møte representantar frå institusjonane til eit videomøte 28. april. Frå høgskulestyret i Volda stiller rektor Johann Roppen, Inger Østensjø, Roar Tobro, Simen Jester Langeland, Silje Louise Dahl, Eirik Søvik og høgskuledirektør Karen Lomeland Jacobsen.

### **HØGSKULEHISTORIE (1): "NOE MED FILM" (2003)**

Gunnar Strøm formidlar internt på HVO skattar under tittelen "Frå arkivet", og denne veka henta han fram opningsfilmen på Den norske dokumentarfilmfestivalen i 2003: "Noe med film". Gunnar Strøm omtalar filmen slik: "Filmen gir eit spennande og representativt (?) bilde, med ein snert av ironi, om korleis det var å vere film/fjernsynsstudent på veg ut i den profesjonelle bransjen slik den arta seg for våre studentar våren 2003." [Filmen er tilgjengeleg på Vimeo](#).

### **HØGSKULEHISTORIE (2): NETT-HISTORIE PÅ ZOOM-KAFE, 16.4. KL 16.00**

Korona har brakt oss alle over på nett, men det var historie som gav oss første dytten. På Zoom-kafe torsdag 16. april, kl 16.00, vil [dosent em. Arnfinn Kjelland](#) gi eit tilbakeblikk på starten på nettstudium ved Høgskulen i Volda. Det er faktisk 20 år sidan Institutt for

historie tok studentane med inn i framtida ved å legge undervisninga over på nett for dei første studentgruppene. Zoom-kafeen er open for alle HVO-tilsette og du finn invitasjon i Outlook-kalenderen.

## **FORSKING OG PUBLISERING:**

### **FORSKINGSUTVALET (1): SÅKORNMIDLAR TIL 7 PROSJEKT**

Forskningsutvalet vedtok i møtet 30. mars å tildele såkornmidlar til 7 prosjekt. Her er prosjektleiarar/kontaktpersonar, namn på prosjekt og såkornspotensiale:

- Knut Willy Sæther (AHL): Natursyn og berekraft (NFR).
- Ivar John Erdal (AMF): Kulmedia-søknad (NFR).
- Bjarte Folkestad (ASH): Deltaking i forskarsamarbeid med UiB m.fl. som ledd i utvikling av prosjektidear.
- Wenche Torrissen (AKF og AHL-prosjekt): Future skills-søknad til NFR eller Horisont Europa (EU).
- Eirik Hammersvik (ASH): Digital kultur og offentlegheit (NFR)
- Eirik Hammersvik (ASH): Etablering av forskargruppe og gjennomføring av pilotstudie på prestasjonskultur og doping.
- Jan Arne Halvorsen (AMF): Smart, grøn og rettferdig (NFR/EU/FN).

I alt vart det delt ut kr 936.000. Størst del av tildelinga fekk Torrissen sitt prosjekt med kr 400.000.

### **FORSKINGSUTVALET (2): DESSE FÅR FOU-STIPEND I 2021**

Det er i alt 17 tilsette som i løpet av 2021 får FoU-stipend. 2 av desse arbeider innanfor ordninga med professor/dosentstipend og 3 arbeider med interne femårige ph.d.-prosjekt. Dei 12 siste har ulike individuelle prosjekt og utviklingsplanar.

- Professor/dosentstipend: Jonas Gamborg Lillebø og Wenke Mork Rogne (begge AHL).
- 5-årige ph.d.-prosjekt: Ingeborg Berget, Liv Kristin Bjørlykke Øvereng og Arve Fiskerstrand (Alle AHL).
- Andre prosjekt:
- AHL: Timothy Saunders, Anemari Neple, Marie Nedregotten Sørbo, Bjørnar Sæterås.
- AMF: Burcu Sabuncuoglu Peksevgen, Trygve Selnes Nielsen, Jørgen Warvik Lyngvær og Rolf Werenskjold
- ASH: Gerd Skjong, Bente Hasle og Bernt Olav Ødegård.
- AKF: Karen Brænne.

Forskningsutvalet oppmodar forskingsgruppene til å vere aktive og motivere tilsette som tenker i retning av FoU-stipend for å auke aktiviteten i gruppene, men også for å styrke søknadene og å gje stipendmottakarane eit nettverk for gjennomføring av prosjekta.

### **AUKE I DEN VITSKAPLEGE PUBLISERINGA PÅ HØGSKULEN I VOLDA I 2019**

Den årlege opptellinga av vitenskapleg publisering gjennom systemet CRISTIN syner at frå 2018 til 2019 auka forskingspubliseringa ved Høgskulen i Volda frå 0,42 til 0,46 poeng pr faglege stilling, inkludert stipendiatar. Etter tellekantsystemet blir publiseringar vekta etter

tal medforfattarar og nivå på publikasjon. I sum utgjorde HVO-tilsettes publiseringar i 2019 ca. 108 poeng, mot ca. 97 poeng i 2018. Dette tilsvarer ein auke på ca. 12 prosent.

### AVDELINGSVIS PUBLISERING I 2019

Publiseringstala for 2019 syner at den største avdelinga, AHL, har ein liten minke, medan for dei tre andre avdelingane er det klar auke i publisering. Tala kan variere mykje frå år til år, men det er kjekt å melde om framgang.

Avdeling	2018	2019	Endring
AKF	7,5	10,1	34 %
ASH	19,6	24,0	22 %
AMF	18,2	24,4	34 %
AHL	51,9	49,0	-6 %
FELLESADM		1,0	
Sum	97,2	108,4	12 %

### LITEN SKILNAD MELLOM PUBLISERING OG FORMIDLING I AVDELINGANE

Høgskulen i Volda ønsker at tilsette også skal vere aktive i fag- og samfunnsdebatt og tildeler difor også noko midlar til avdelingane etter "formidling". Formidling kan vere avis- og nettkronikkar, populærvitskapelege bidrag, lærebøker og også kunstnariske bidrag. Vi er også ein av få institusjonar som tildeler midlar etter formidling og har ein heilt eigen poengskala for vektning av formidlingsbidrag. Tala for formidling for høgskulen samla sett i 2019 syner ein nedgang på ca 9 prosent samanlikna med 2018. Det er liten skilnad mellom avdelingane når det gjeld fordeling mellom forskingspublisering og formidling i 2019, jf tabellen nedanfor.

Avdeling	FoU	Formidling
AKF	9 %	10 %
ASH	22 %	26 %
AMF	22 %	21 %
AHL	45 %	43 %
FELLESADM	1 %	0
I alt	100 %	100 %
Poeng	108,4	6 105

### PUBLISERINGAR (1): SEND GJERNE TIPS!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når ei bok har kome ut eller lenke til ein artikkel som har vorte publisert og gjort tilgjengeleg i eit tidsskrift.

### PUBLISERING (2): HELSET HAR PUBLISERT ARTIKKEL I CORPORA

[Førsteamanuensis Stig Jarle Helset](#), AHL, har publisert ein artikkel i tidsskriftet Corpora: Helset, S. J. (2020). [Writing practice in a society with codified variation: a correspondence analysis of writing practice in New Norwegian/Nynorsk](#). Corpora. Corpus based Language Learning, Language Processing and Linguistics, 15(1), 1–20.

### PUBLISERING (3): FJELDSETH RØYS HAR PUBLISERT I SPESIALPEDAGOGIKK

[Høgskulelektor Eli Fjeldseth Røys](#), ASH, har publisert ein artikkel i tidsskriftet [Spesialpedagogikk](#): "Den krunglete vegen mot arbeid – om tidlegare elevar på særvilkår".

#### **PUBLISERINGAR (4): KRUMSVIK, MOLTUDAL, HØYDAL OG SOLSTAD**

[Professor II Rune Krumsvik](#), AKF/UIB, har i 2020 fått publisert ei rekkje artiklar i lag med fleire tilsette på AKF og AMF:

Moltudal, Synnøve, Høydal, Kjetil & Krumsvik, Rune J. (2020). [Glimpses Into Real-Life Introduction of Adaptive Learning Technology: A Mixed Methods Research Approach to Personalised Pupil Learning](#). Designs for learning, 13–28.

Krumsvik, Rune .J., Jones, Lise, O-J, Eikeland, Røkenes, F.M., Høydal, Kjetil & Solstad, Stein Helge. (2020). [Theoretical considerations of digital competence and digital inequality in upper secondary school](#). In S. Doff, J. Pfingsthorn (Eds.), Media Meets Diversity @ School. Wie kann Lernen und Lehren in der digitalen Welt unter den Vorzeichen von Diversität gelingen (pp. 197-214)? Trier: WVT Wissenschaftlicher Verlag.

Krumsvik, Rune J., Jones, Lise, O-J, Eikeland, Røkenes, F.M., Høydal, Kjetil & Solstad, Stein Helge (2020). [Digital competence and digital inequality in upper secondary school. A Mixed Method Study](#). In S. Doff, J. Pfingsthorn (Eds.), Media Meets Diversity @ School. Wie kann Lernen und Lehren in der digitalen Welt unter den Vorzeichen von Diversität gelingen(pp. 215-236)? Trier: WVT Wissenschaftlicher Verlag.

Krumsvik, Rune J. (2020). [Unpacking students' situated knowledge and reflections in large lectures](#). British Educational Research Association (BERA), 23. March 2020. Invited article.

#### **MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020**

[Oversyn over møte og sakspapir til dei mest sentrale råd og utval ved HVO.](#)

17.4.2020: [Webinar: Kunsntarøkonomi og sjølvmelding](#), Seanse

23.4.2020: [Styremøte 2/2020 \(STYREMØTE PÅ NETT\)](#)

11.6.2020: [Styremøte 3/2020](#), HVO

18.-19.6.2020: [Fjordkonferansen 2020](#), Loen (**TIL VURDERING: DIGITAL ELLER UTSETT**)

#### **Studieåret 2020-2021**

18.8.2020: [Studiestart, studieåret 2020-2021](#), HVO

1.-4.10.2020: [Animation Volda](#), Volda

29.-30.10.2020: [Barnehagekonferansen 2020](#), Ålesund

#### **LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**

<https://www.hivolda.no/stilling>

#### **REKTORBLOGGEN**

[Korona-krisa \(2\): Når heime blir jobb](#) (27.3.2020)

[Korona-krisa: Litt meir grå kvardag, takk!](#) (19.3.2020)

[Alle blogginnlegg](#)

#### **HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.**

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Volda Campus Sparebank1 Arena: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Studentheimane på Heltne: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Mediehuset: Minutt-for-minutt-bilde](#)